



Arkiv: K1-143, K2-D11  
JournalpostID: 25/7279  
Sakshandsamar: Rivedal, Andreas  
Dato: 11.06.2025

## Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
049/25	Kommunestyret	18.06.2025
015/25	Komit� oppvekst og kultur	18.06.2025

### Offentleg ettersyn av framlegg til handlingsprogram til kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv

#### **Kommunedirekt ren sitt framlegg til vedtak:**

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-14 vert framlegg til handlingsprogram til kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv lagt ut til offentleg ettersyn slik det ligg f re i perioden 20 juni – 20 september.

#### **18.06.2025 Komit  oppvekst og kultur**

##### **Handsaming:**

R ysting - samr ystes

#### **KOK015/25 Vedtak:**

##### **Komiteen sitt framlegg til vedtak:**

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-14 vert framlegg til handlingsprogram til kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv lagt ut til offentleg ettersyn slik det ligg f re i perioden 20 juni – 20 september.

#### **18.06.2025 Kommunestyret**

##### **Handsaming:**

R ysting - samr ystes

**KOM049/25 Vedtak:**

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-14 vert framlegg til handlingsprogram til kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv lagt ut til offentleg ettersyn slik det ligg føre i perioden 20 juni – 20 september.

## **Kva saka gjeld:**

Handlingsprogrammet til kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv skal rullerast, og i samband med det skal framlegget leggjast ut på høyring.

## **Saksutgreiing:**

Handlingsprogrammet for anlegg i kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv er ei oversikt over anlegg for idrett og fysisk aktivitet som er i posisjon til å søkje om spelemidlar i gjeldande planperiode. Det er berre prosjekt som inngår i vedteken kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet som kan søkje (gjeld ikkje nærmiljøanlegg med kostnadsramme under 600 000. , men det vert tilrådd at også mindre nærmiljøanlegg vert omtalt i kommunal plan).

Tilskot frå spelemidlar til bygging og rehabilitering av anlegg for idrett og fysisk aktivitet skal medverke til ein infrastruktur som gjev folk høve til å drive både eigenorganisert aktivitet og aktivitet i regi av den frivillige medlemsbaserte idretten. Spelemiddelordninga er heimla i «lov om pengespill m.v. (pengespilloven) av 18 mars 2022 og forskrift om fordeling av overskotet frå Norsk Tipping AS til idrettsføremål frå mai 2022. 64 % av overskotet går til idrettslege føremål.

Frå og med ca. 15 juni 2025 vil det vere open for at det kan søkjast om tilskot til bygging og/eller rehabilitering av anlegg som er opne for allmenn idrettsleg verksemد (for tildeling i 2026). Søknadsskjemaet vil vere tilgjengeleg på [www.anleggsregisteret.no](http://www.anleggsregisteret.no)

Askvoll kommune set fristen for innsending av spelemiddelsøknader til 1. oktober kvart år. Innan 15 januar skal kommunen vidaresende søknadene til Vestland fylkeskommune med status «i orden» eller «ikkje i orden». I perioden mellom 1 oktober og 15 januar handsamar kommunen søknadene og samarbeidet med søkerane til å få søknaden i samsvar med gjeldande kriterier og vilkår for ordninga. Kommunane får i mai/juni melding frå fylkeskommunen om fordeling av rammetilskotet.

Handlingsprogrammet til kommunedelplanen skal rullerast kvart år av kommunestyret og rulleringa utgjer grunnlaget for tildeling av spelemidlar. Den årlege rulleringa kan innebere endringar i prioriteringar, og anlegg frå kommunedelplanen si uprioriterte liste kan verte overført til handlingsprogrammet. Føresetnaden for å kunne ta inn eit anlegg i handlingsprogrammet, er at tiltaket er fullfinansiert. handlingsprogrammet skal ikkje vere ei «venteliste» der ein kan stå oppført i påvente av fullfinansiering.

Rulling av handlingsprogrammet føreset brukarmedverknad av aktuelle brukargrupper og politiske vedtak.

Vestland fylkeskommune får årleg tildelt ein samla sum spelemidlar til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv frå Kulturdepartementet, og skal prioritere til ordinære idrettsanlegg og nærmiljøanlegg. Fylkeskommunen har vedteke følgjande fordeling i perioden 2020-2024:

- Om lag 15 % av årleg tildelt ramme vert nytta til nærmiljøanlegg
- Om lag 85 % av årleg tildelt ramme vert nytta til ordinære anlegg

(Temaplanen knytt til anleggspoltikk er under revidering, med mål om vedtak våren 2026)

I tillegg til statlege føringar for tildeling, har fylkeskommunen òg kriterier for fordeling av spelemidlar. Desse går fram av pkt. 4.6. i «anleggspolitikk og kriterier for tildeling av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune med handlingsprogram

2020-2024 (sjå vedlegg 2).

## Vurdering:

20 mai vart det vedteke av hovudutval for kultur, idrett og inkludering fordeling av spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet. I Askvoll blei det tildelt spelemidlar til følgjande anlegg:

Nærmiljøanlegg:

- Anleggsnr. 27766 – Tursti Prestegarden rundt, Askvoll kommune – kr. 300 000,-

Følgjande ordinære anlegg er godkjent, men har ikkje fått tildeling:

- Kunstgrasbane Askvoll skule - rehabilitering lys, Askvoll kommune - kr. 272 000,-
- Etablering av elektroniske skiver, Høyvik skyttarlag - kr. 150 000,-
- Padeltennisbane Atløy stadion, Atløy idrettslag - kr. 410 000,-

Desse ordinære anlegga er godkjent, men for å utjamne ventetida mellom kommunane, må søknader til ordinære anlegg ha ein godkjent søknad i tre år før første tildeling (jf. anleggspolitikk og kriterier for tildeling av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv). Desse vil framleis stå i handlingsprogrammet, og søker må huske å fornye søknaden før fristen.

I tillegg ligg det inne i handlingsprogrammet rehabilitering av kunstgrasdekke ved Askvoll idrettsplass, rehabilitering av Askvollhallen og rehabilitering av garderober ved Askvoll symjehall. Desse er det førebels ikkje sendt inn søknad på. Det same gjeld for nærmiljøanlegg for flytebrygge ved Bulandet & Værlandet fleirbruksstasjon.

## Konklusjon

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-14 vert framlegg til handlingsprogram lagt ut til offentleg ettersyn slik det ligg føre i perioden 20 juni – 20 september.

## Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Lov om pengespill

Forskrift om fordeling av overskotet frå Norsk Tipping AS til idrettsføremål

Kulturdepartementet - føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet

### Vedlegg i saka:

12.06.2025	Vedlegg 1 - framlegg til handlingsprogram	349819
11.06.2025	Anleggspolitikk VLFK 2020-2024	349820